



ETNE KOMMUNE

K1/BASO

2010 017 99 - 14  
A: 312

## Utvikling

Konsesjonsavdelinga NVE  
Postboks 5091  
Majorstua  
0301 OSLO

Etne, 26.06.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
2012000883/2012004116

Arkiv:  
N-654

Sakshandsamar:  
ERK

### SMÅKRAFT AS - KVANNDAELSELVA KRAFTVERK

Saka vart handsama i kommunestyre 19 06 2012. Vedlagt følgjer kopi av saka.

Med helsing

*Erik Kvalheim*  
Erik Kvalheim  
for Fagansvarleg kultur og miljø

Vedlegg: K-sak 049/12



53 75 80 00 · Telefaks: 53 75 80 01 · E-post: [firmapost@etne.kommune.no](mailto:firmapost@etne.kommune.no) · [www.etne.kommune.no](http://www.etne.kommune.no)

5591 ETNE · Postboks 54 · Bankgiro · 8580.13.36200 · Org.nr.: 959 435 375

**Etne kommune**  
**SAKSUTGREIING**

| Utval        | Møtedato   | Saknr  | Saksh. |
|--------------|------------|--------|--------|
| Formannskap  | 05.06.2012 | 051/12 | ERK    |
| Kommunestyre | 19.06.2012 | 049/12 | ERK    |

|                                        |                     |                                  |
|----------------------------------------|---------------------|----------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Erik Kvalheim | <b>Arkiv:</b> N-654 | <b>Arkivsaknr:</b><br>2012000883 |
|----------------------------------------|---------------------|----------------------------------|

*SMÅKRAFT AS - KVANNDAELSELVA KRAFTVERK - UTTALE*

**Vedlegg i saka:**

Konsesjonssøknad, Småkraft AS, april 2012, link til NVE sin nettside:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=6060&type=11>

**Utrykte saksdokument:**

Følgjeskriv frå NVE, datert 3.5.12 

**Saksgang:**

Formannskap  
Kommunestyre

**Utskrift til:**

NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 Oslo. **NB: Fargeutskrift**

## SAKSUTGREIING:

### 1. Kva saka gjeld:

Saka gjeld Etne kommune si fråsegn til planane om bygging av Kvanndal kraftverk i Åkrafjorden.

### 2. Bakgrunn for saka:

Småkraft AS søkjer i samarbeid med grunneigarane på Kvanndal og Kalvik om kraftutbygging i Kvanndalselva. Ein søker også om tilkopling til eksisterande straumnett i området.

### 3. Problemstilling:

Konsesjonssøknad og NVE sitt følgeskriv ligg på linken:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=6060&type=11>




Foto av planområdet (tåler forstørring - Espen Mills 2009, [www.etnebilder.no](http://www.etnebilder.no)). Kalvik til venstre, Kvanndal til høgre. Kvanndalselva kjem ned frå fjellet gjennom skaret øvst på biletet, rett bak skaret ligg Kvanndalsvatnet, som frå tidlegare er overført til Blåfalli/SKL. Kraftstasjonen på Kvanndal er planlagt ved fjorden rett aust for elveosen. Rørtraseen går opp gjennom kulturlandskapet med ein del styva tre og edellauvskog, vidare opp skogen på reset mellom tunet og elva, til inntaket om lag 600 m ovom tunet, rett bak åskammen på biletet.

Vi klipper inn NVE sin kortversjon av søknaden:

«Småkraft AS vil utnytte fallet i Kvanndalselva mellom kote 170 og kote 5. Nedbørfeltet er 4,88 km<sup>2</sup> med middelvassføring på 537 l/s. Røygata vil gå på austsida av elva og vil hovudsakleg bli grave ned. Kraftverket vert liggjande ved fjorden på kote 5. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 1450 kW og maksimal slukeevne 1074 l/s. Årleg middelproduksjon er berekna til ca. 4,86 GWh. Det skal byggjast 30 m permanent veg frå kai til kraftstasjonen. Det skal og byggjast ein midlertidig anleggsveg frå kraftstasjonen og opp til inntaket. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 22 l/s heile året.»

Søkjer opererer med 5,18 GWh på årsproduksjon og 1550 kW på effekt. Kostnad er oppgitt til 16,8 mill. kr, som gir ein utbyggingspris på 3,42 kr/kWh. Kart over planane ligg litt langt bak i vedlagt søknad, så klipper det inn her. Vi ser eksisterande traktorveggar med svart strek.



Meir om søkjar, grunngeving for tiltaket og dagens situasjon i planområdet på s. 5 i vedlegg. På s. 6 er andre kraftutbyggingar og -planer i nærområdet nemnt, s. 7-11 tekniske spesifikasjonar m.m. Kraftstasjonen er planlagt å bli 80-90 m<sup>2</sup> stor og der i tillegg behov for eit uteområde på 200-300 m<sup>2</sup>. Midlertidig riggområde er lagt på ein liten flate på dyrka mark litt opp frå sjøen. Det må byggast kring 30 m permanent anleggsveg frå dagens kai og bort til stasjonen. Det trengst midlertidig anleggsveg frå stasjonen og opp til inntaket. Inntaket blir om lag 20 m langt, 3 m høgt, og vil få eit volum på 300-500 m<sup>3</sup>. Anleggsveg vil revegeterast etter utbygging, men må vere kjøresterk, slik at tilsyn kan skje med t.d. ATV. Sidan vassdraget allereie er berørt av kraftutbygging, vil ingen ny urørt natur (INON) bli råka av planane.

SØK sitt 22 kV linjenett i området må rustast opp for å ta imot ny kraftproduksjon; dette er lagt inn i utbyggingskostnaden. Tilkopling til lokalt nett er planlagt via 50 m jordkabel. Sidan SØK frå tidlegare har fått leveringsfritak på straum mellom Djuve og Kvanndal, vil planlagt kraftproduksjon i området sikre lokalt nett for framtida. Derimot er der ikkje kapasitet på overordna kraftnett til å frakte straumen ut av Åkrafjorden, jf. SKL sin søknad om ny 66 kV nett mellom Rullestad og Blåfalli.

Meir om kostnader, arealbruk, forhold til offentlege planar og nasjonale føringar på s. 11-13. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn er skildra på s. 14-25, avbøtande tiltak s. 26. Fagrapportar om biologisk mangfald og landskap, uttale frå SØK, kart og foto (også av planlagt stasjonsbygg) kjem som vedlegg til søknaden. Verknadene for biologisk mangfald blir vurdert som *middels negativ* konsekvens. Mangfaldet er allereie berørt av eksisterande kraftutbygging i vassdraget. Det er gjort funn av ein raudlista lavart langs elva. Edellauvskogen i lia mellom Kvanndalstunet og fjorden er gitt verdien B *Viktig*, i tråd med naturtypekartlegginga til Etne kommune. Her veks m.a. alm, som også er ein raudlistart. Konsulentane rår til at ein gjennom god detaljplanlegging ved stikking av røytrase søkjer å minimalisere hogst av gamle og store tre mest mogleg, sidan desse har stor verdi for biologisk mangfald. Ein stiller også spørsmålet om traseen kan flyttast litt mot aust. Det kan elles nemnast at der finst fleire andre og større område med edellauvskog mellom Kvanndal og Djuve, alle med kategori A – *Svært viktig*. På sørsida av fjorden fins meir av same naturtype, m.a. det freda området ved Sævareidberget.

Når det gjeld fugleliv, så kan vasstilknytta artar som fossekall, strandsnipe og vintererle bli råka av planane. Mest utsatt er fossekall, men arten vil også ha leveområder igjen ovanfor inntaket. Dyrelivet elles i området er tradisjonelt for landsdelen, inkl. ein del hjort. Der er noko beitedyr i området, og elva har fungert som sjølvgjerd. Dette er eit punkt som partane truleg tek opp seg i mellom. Potensialet for auka beiting er stort.

Der er observert småfisk i nedre del av elva, truleg sjøaure, men ikkje i meir enn dei 50 første metra. Konsekvensen for fisk og ferskvassbiologi er vurdert som *liten negativ*. For landskap er konsekvensen sett til *middels negativ*, m.a. sidan grunna behovet for å hogge ein god del store edellauvtre i nedre del av røytraseen. Hogstgata vil stå fram som eit lineært inngrep i landskapet. For detaljar om biologisk mangfald og landskap syner vi elles til søknaden.

Stikkord om positive sider med planane (s. 24-25): Generell verdiskaping, ringverknader for lokalt næringsliv, rein og fornybar kraft. Inntektene vil styrke gardane som feriebruk; ev. kan også noko gardsaktivitet eller beitebruk takast opp igjen. Årlege inntekter er rekna til å bli i underkant av 2,5 mill. kr, føreset at summen av straumpris og grøne sertifikat blir 50 øre/

kWh. Der er ikkje oppgitt tal for eigedomsskatt til Etne kommune, men dei ser ut å ligge på om lag 90.000-100.000 kr. pr. år, om vi reknar om tala frå søknaden på Hetleflåt.

#### 4. Vurdering:

Som nemnt er der relativt små ulemper knytt til planane. Minstevassføring vil avbøte i høve til vassuttaket, og mykje flaumvatn vil renne forbi inntaket i våte periodar. Kvanndalselva ligg, som mange av småvassdraga i Åkrafjorden, lite eksponert til i landskapet, delvis skjult i bekkekløfter med vegetasjon. Det vil innan få år gro til på anleggsvegar, midlertidige vegar, riggplass og i røyrtraseen. Der er lite friluftsliv i området, og talet på organiserte turar er også relativt lågt. Det er i regi av Åkrafjorden landskapspark, i samarbeid med Etne kommune, planlagt å byggje tak over ein gamal naustmur litt aust for kaia, som ein offentleg stad for strandhogg og grilling etc. Planen er å bygge opp plassen i 2013. Konflikten oppimot kraftplanane er liten; eksisterande 22 kV leidning som går rett ovom kaia og nausta er då meir skjemmande i høve til rasteplassen. Der er ønskje om å ruste opp bygga i Kvanndalstunet, og auka inntekter vil då kome til nytte. Plassen er ein del nytta som feriebruk, og bruken vil truleg auke med aukande standard på butilhøva. Gardsturismen kan då også kome til å auke. Auka beiting i området er ønskjeleg også for å hindre gjengroing.

I høve til behovet for hogst av store edellauvtre i nedre del av røyrtraseen, så meiner rådmannen det er naturleg å følgje opp konsulentane sine råd om å søkje å spare flest mogleg tre og ev. justere traseen noko mot aust, dersom dette er praktisk mogleg og ikkje kostar for mykje. Dette er uansett vanlege ting ein ser på på synfaring med NVE, når det først er spelt inn. Vi håper synfaring vil bli seinare i år.

I sum er nytten med omsøkt tiltak klart større enn ulempene. Nyttan blir i tillegg monaleg forsterka ved at ei utbygging vil sikre lokalt 22 kV nett for framtida. Tiltaket er i tråd med Etne kommune sin klima- og energiplan frå 2011, som seier at vi skal leggje til rette for lokal klimavennleg energiproduksjon.

Planområdet ligg i LNF-område i kommuneplanen. Kraftstasjonen, anleggsvegen mellom kai og stasjon og litt av røyrkata treng dispensasjon frå 100-metersbeltet langs sjø. Dette bør ikkje vere noko problem, sidan anlegga på Bjørgjo, Rafdal og Saltåna på Eljervik har fått slike løyve tidlegare.

Når det gjeld andre kraftutbyggingar og -planar i midtre delar av Åkrafjorden, så er Rafdalselva og Kvanndalsvassdraget allereie berørt av utbygging. Planane på Tøsse og Eikemo ligg til handsaming i NVE, Viskjerelva og bekk ved Skidalsvatnet på Eikemo har fått løyve (konsesjonsfritak). Planane for Markhuselva har nyleg vore på høyring, og Djuvselva kjem parallelt med Kvanndalselva no. To nye søknader kjem om ikkje lenge; dvs. Ripelselva på Teigland og Skålnes-/Miljeteigelva. NVE vil sjå tiltaka i samanheng i si slutthandsaming, m.a. i høve til § 10 i naturmangfaldlova om *økosystemtilnærming og samlet belastning*. Rådmannen kjenner dei nemnte planområda rimeleg godt. Slik vi ser det bør det aller meste av planane kunne gjennomførast, inkl. einskilte avbøtande tiltak. Når det gjeld nordsida av fjorden, så ser det pr. i dag ut som at minst 4 elver (på Hammarsland, Bjelland, Eintveit og Bakka) vil forbli urørte. T.d. vil vassstilknytta fugleartar her framleis ha gode leveområde.

Etne kommune har i samband med planane på Rullestad/Skromme kravd at styresmaktene også ser heilskapleg på utfordringane knytt til overordna kraftnett i Åkrafjorden, slik at tilrekkeleg mange kraftsøknadar får løyve, for å kunne finansiere felleskostnadene.

#### **TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:**

Etne kommune støtter framlagte planar for Kvanndalselva kraftverk, inkl. omtalte avbøtande tiltak (t.d. innspelet om å spare flest mogleg store edellauvtre i nedre del av røytraseen).

Der er stor overvekt av nytte i høve til ulempe knytt til planane. Nyten blir monaleg forsterka av at ei utbygging vil bidra til å sikre det lokale 22 kV straumnettet mellom Djuve og Kvanndal, der Skånevik Ølen kraftlag frå før har fått leveringsfritak.

Lokal verdiskaping og styrking av gardsbruka er særskild viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.

Kvanndalsvassdraget er allereie berørt av kraftutbygging, og det bør vere samfunnsmessig god politikk å nytte ressursane optimalt.

-----

For grunngjeving av einskildpunkt syner vi til saksframstillinga.

#### **05.06.2012 FORMANNSKAP**

#### **F-051/12 TILRÅDING FRÅ ETNE FORMANNSKAP TIL ETNE KOMMUNESTYRE: (samrøystes)**

Etne kommune støtter framlagte planar for Kvanndalselva kraftverk, inkl. omtalte avbøtande tiltak (t.d. innspelet om å spare flest mogleg store edellauvtre i nedre del av røytraseen).

Der er stor overvekt av nytte i høve til ulempe knytt til planane. Nyten blir monaleg forsterka av at ei utbygging vil bidra til å sikre det lokale 22 kV straumnettet mellom Djuve og Kvanndal, der Skånevik Ølen kraftlag frå før har fått leveringsfritak.

Lokal verdiskaping og styrking av gardsbruka er særskild viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.

Kvanndalsvassdraget er allereie berørt av kraftutbygging, og det bør vere samfunnsmessig god politikk å nytte ressursane optimalt.

-----

For grunngjeving av einskildpunkt syner vi til saksframstillinga.

**19.06.2012 KOMMUNESTYRE**

**K-049/12 VEDTAK: (samrøystes)**

Etne kommune støtter framlagte planar for Kvanndalselva kraftverk, inkl. omtalte avbøtande tiltak (t.d. innspelet om å spare flest mogleg store edellauvtre i nedre del av røyrtraseen).

Der er stor overvekt av nytte i høve til ulempe knytt til planane. Nyttan blir monaleg forsterka av at ei utbygging vil bidra til å sikre det lokale 22 kV straumnettet mellom Djuve og Kvanndal, der Skånevik Ølen kraftlag frå før har fått leveringsfritak.

Lokal verdiskaping og styrking av gardsbruka er særskild viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.

Kvanndalsvassdraget er allereie berørt av kraftutbygging, og det bør vere samfunnsmessig god politikk å nytte ressursane optimalt.

-----

For grunngjeving av einskildpunkt syner vi til saksframstillinga.

26.06.12  
**ETNE KOMMUNE**  
**Rett utskrift**

*Eva Wibe Hustoft*